



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgivar Magna Torvund Bergem, 71 25 81 37

Vår dato

14.10.2014

Dykkar dato

09.07.2014

Vår ref.

2014/4571/MABE/521.1

Dykkar ref.

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdepartementet	
14/536	
Mottatt: 22.08.2014	
LP/SJ	548.4
Kont:	Ansatt:

Høyring - forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser til brev datert 9. juli 2014, der Landbruks- og matdepartementet ber om uttale til framlegg til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Produksjonstilskot er det viktigaste landbrukspolitiske verktøyet vi har, og innhald og utforming gir viktige premisser for det framtidige jordbruket. Fylkesmannen forankrar uttalen i dei overordna måla for landbrukspolitikken, slik desse er uttrykt Meld. Stp 9(2011-2012). Fylkesmannen merkar seg at gjennomgangen er forankra i målet om forenkling av regelverk og virkemidlar. Fylkesmannen er enig i at det er behov for ein samla gjennomgang av begge forskriftene, og at det er hensiktsmessig å ha disse tilskota samla i ei forskrift. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gått gjennom utkastet, og har slike kommentarar;

Grunnvilkår for tilskot

For å kunne søkje om produksjonstilskot er det krav om at føretaket skal vere

- Registrert i Enhetsregisteret
- Drive vanleg jordbruksproduksjon
- Ha tilknytning til landbrukseigedom
- Vere MVA-registrert eller ha omsetning over kr 20 000 siste 12 månadar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at det er rett at kravet om registrering blir oppretthalde, slik at drifta skal vere registrert med næringsføremål og næringskode.

Kravet om "vanleg jordbruksproduksjon" blir oppretthalde, men innskjerpa. Føretaket må ha ei omsetning av jordbruksprodukt som står i samsvar med talet på dyr/det arealet som føretaket søker om tilskot til. Dette er konkretisert som eksempel med at avling eller avdrått som ligg under halvparten av det som er normal gjennomsnittsavling eller avdrått over tid, må

Postadresse:

Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon:

71 25 84 43

Telefax:

71 25 85 10

E-post:

postmottak@fmmr.no

Web:

www.fylkesmannen.no

vrderast i forhold til kravet om vanleg jordbruksproduksjon, og produksjonen må ha eit næringsmessig preg.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal støttar at omgrepet "vanleg jordbruksproduksjon" blir konkretisert. Dette forenkler forvaltningsskjønnet, og bidrar til gjennomgåande lik praksis. Fylkesmannen peikar likevel på at forslaget slik det står kan avskjere støtte til drift der skjøtsel av kulturlandskapet er ein stor del av intensjonen med drifta. Eksempel på dette kan vere sauehald som har liten avdrått, men som beiter og held kulturlandskapet ved like.

Det blir foreslått å fjerne kravet om tilknyting til landbrukseigedom. Departementet meiner at det ikkje vil vere mogeleg å drive «vanleg jordbruksproduksjon» dersom produksjonen er heilt lausreven frå ein landbrukseigedom, og at kravet til landbrukseigedom uansett er oppfylt der produksjonen vert driven i driftsbygning på utskilt tomt. Departementet meiner derfor at kravet om tilknyting til landbrukseigedom har liten betydning.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er ikkje samd i desse vurderingane. Dersom kravet om tilknyting til landbrukseigedom vert fjerna, vert det opna for at vanlege landbruksproduksjonar som egg-, kylling- og svineproduksjon kan etablerast utanom landbruket. Slik produksjon kan - dersom forslaget blir tatt inn - etablerast kvar som helst, og drivast i lukka system, med vareflyt utan tilknyting til landbruket. Mjølkeproduksjon kan samlokalisert med meieri og vidareforedling, slik at heile produksjonskjeda blir samla, og kanskje på same eigarhand. Fôr og gjødsel kan handterast som andre varer, slik vi ser det i andre land der landbruket i stor grad er industrialisert.

Det er rimeleg å vente at uavhengige primærprodusentar med høgare einingskostnader blir utkonkurrerte, og at mykje «ukurant» areal vil gå ut av bruk for matproduksjonen. Det blir potensielt sterk sentralisering av landbruket. Forslaget om å koble matproduksjonen fri frå landbruket kan synes å vere eit langt steg i retning av å deregulere landbrukssektoren. Forslaga det er vist til her vil over tid gjere det vanskeleg å nå sentrale landbrukspolitiske mål som krev differensiering av virkemiddel, jf ambisjonane om landbruk over heile landet og best mulig utnytting av ressursgrunnlaget. Fylkesmannen i Møre og Romsdal rår sterkt frå at dette forslaget blir tatt inn i forskrifta.

Kravet om Mva-registrering eller omsetning over 20 000 vart oppheva frå 1. august 2014, samstundes vart botnfrådraget dobla frå kr 3 000 pr føretak til kr 6 000 pr føretak. Dette forslaget vil gi ein viss reduksjon i talet på søknadar, og det betyr samtidig flytting av ressursar frå dei heilt minste til større bruk.

Driftsfellesskap:

Det er bestemt i Stortinget at samdriftsregelverket skal opphevast frå 1. januar 2015. Dette medfører ein del endringar i handteringa av forholdet mellom samdrift og samdriftsmedlemmer som i tillegg søkjer om PT på eige føretak. Etter fylkesmannen sitt skjønn er desse endringane først og fremst av teknisk karakter, og har mindre økonomisk konsekvens.

Felles eigarinteresser i fleire føretak: Tidlegare har ein person ikkje kunna vore medeigar i fleire føretak som har søkt om PT til same type drift. Der er strukturprofil på tilskota som gjer

at små driftseiningar får meir tilskot enn store, og difor har denne regelen vore der for å hindre at store føretak deler seg opp i fleire små for å få ut meir tilskot. Ein eigar med fleire føretak skal søkje samla for si drift, fordi det som regel vil vere samarbeid eller felles drift og økonomi på ulike føretak med same eigar. Departementet foreslår å fjerne felles eigar-interesser som stoppregel i høve til å kunne søkje om tilskot til fleire føretak, då det ikkje *alltid* er samarbeid mellom ulike føretak med felles eigarinteresser. Felles formelle eigarinteresser skal likevel vere ein *indikator* i høve til vurdering driftsfellesskap, på linje med andre indikatorar. For at forvaltninga skal kunne gjere seg nytte av denne indikatoren, er det nødvendig at forvaltninga på ein enkel måte kan gjere seg kjent med eigarstruktur og -interesser i ulike føretak, t.d. at felles eigarinteresser blir varsla i saksbehandlingssystema.

Fylkesmannen sine kommentarar: Dersom ein opnar opp for at same eigar – t.d. i form av større AS – kan søkje om tilskot til fleire føretak med same drift – forutsatt at der ikkje er konstatert driftsfellesskap – og samstundes opnar opp for at drifta ikkje treng å vere knytt til landbruks-eigedom, kan vi sjå for oss svært store endringar strukturelle endringar. Fylkesmannen rår sterkt frå at forslaget blir tatt inn forskrifta.

Der det blir konstatert driftsfellesskap, blir reaksjonen på dette endra frå «avslag» på alle involverte søknader, til at søkjarane kan få høve til å søkje samla, og at det skal avkortast i samla tilskot etter skyldgrad. I tilfelle der det ikkje blir oppnådd auka tilskot ved å søkje kvar for seg, blir det opna for at desse kan få sjølvstendige tilskot. Dette blir enklare å halde seg til for forvaltninga enn dagens regelverk, og Fylkesmannen støttar forslaget.

Tilskotsordningane

Tilskot til husdyrhald: Definisjon av høvesvis mjølkeku og ammeku er at dei skal ha kalva i løpet av dei siste 15 månadene. (Gjeld frå 1. august 2014.) Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at kravet er uforholdsmessig strengt. Eit kalvingsintervall på 16 månader er meir høveleg. Kravet er dessutan vanskeleg å kontrollere, så lenge det ikkje er pliktig medlemskap i husdyrkontrollen, og så lenge forvaltninga ikkje har direkte tilgang til individdata i husdyrkontrollen.

Tilskot til jordbruksareal: Aktivitetskravet er skjerpa, ved at forskriftsteksten er endra frå «drift og beiting» til «dersom arealet drives aktivt». Gjødslingsplan og sprøytejournal er innført som vilkår for å kunne ta mot arealtilskot, likeeins er det krav om at foretaket ikkje kan foreta inngrep som forringar kulturlandskapet, og at det blir tatt vare på naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning mot vassdrag. Det blir lagt opp til standardiserte trekk på maksimalt 18 000 kroner for kvart føretak.

Fylkesmannen sine kommentarar : Dette punktet får potensielt store økonomiske konsekvensar, og kan bli vanskeleg å forvalte. Det må lagast klare retningslinjer for vilkåra, og desse må vere både hensiktsmessige og kunne gjennomførast. I tillegg må det avklarast kva dispensasjonsgrunnar det blir opna for.

Distriktstilskot til grønt- og potetproduksjon: Dette blir vidareført om lag som før. Namnet blir endra frå kvalitetstilskot, fordi der eigentleg ikkje ligg inne kvalitetskrav i ordninga, berre at det er omsett gjennom godkjent omsetningsledd.

Tilskot til avløyning ved ferie og fritid: Denne har tidlegare vore heimla i eiga forskrift, men er no foreslått tatt inn i forskrift om produksjonstilskot. Grunnen er at dei aller fleste vilkår og sakshandsamingsreglar er like for dei to ordningane. Dette synest greitt

Hittil har det vore slik at dersom der er eigedomsoverdraging midt i året, så har gamal eigar og ny eigar kunna dele avløysartilskotet etter tal månader med drift kvar, *forutsatt at dei har hatt avløysarutgifter tilsvarande refusjonsbeløpet for den perioden.*

Fylkesmannen sine kommentarar: *Alle typar føretak no må dokumentere avløysarutgifter for deretter å søkje refusjon av utgiftene. Dermed får ikkje DA eller ANS eller AS ut heile tilskotet utan dokumentasjon, slik som før. Dei må dokumentere utgiftene og søkje refusjon. Denne endringa som jamstiller føretak, er grei, men det fører til meir arbeid for forvaltninga.*

Det har tidlegare vore tillate å velje avløysarlag som mottakar av avløysartilskotet, i staden for søkjar, noko som er ei effektiv og praktisk løysing. Det er foreslått at avløysartilskot heretter skal utbetalast berre til søkjar. Avløysarlaga misser dermed ein stabil arbeidskapital. Dette fører til meir administrativt arbeid for bonden, mange fleire transaksjonar, det blir mindre grunn til å vere medlem i avløysarlaget, som kan bli sett på som eit fordyrande mellomledd. Dette vil igjen føre til meir feil i utrekningar og utbetalingar, meir usikre arbeidsforhold for avløysar, mange gir opp å bruke avløysarordninga, og til slutt blir det utbetalt lågare avløysarrefusjon til brukarane enn det dei har rett på. Det blir mykje meir arbeid for forvaltninga. Dette er ei uheldig og unødvendig endring.

Avløysarlaga er viktig for å organisere trygge tilbod om sjukdomsavløyning. Tiltak for husdyrbønder som blir ramma av ulykke eller sjukdom er svært viktige for dyrevelferd.

Fylkesmannen rår frå desse endringane.

Etter forslaget skal tilskotet ikkje kunne delast. Det skal utbetalast til den som har grunnlaget i tal dyr på søknadsdato, dvs. gamal eigar, men han kan berre få ut beløpet dersom han har hatt utgifter tilsvarande heile refusjonsbeløpet i sin drivarperiode (t.d. to månader). Mange føretak vil tape betydelege tilskot på grunn av dette.

Andre endringar:

Konsekvensar av for seint innlevert søknad: Tidlegare har søkjarar som leverer søknaden etter søknadsfristen fått eit trekk i utbetalt tilskot på kr 1 000 pr *virkedag*, i opptil ein måned etter søknadsfristen. Samla trekk har då kunna bli 21 000 – 22 000 kr, alt etter tal helgedagar i perioden. I forskrifta er det no foreslått at tilskotet skal reduserast med kr 1 000 for *kvar dag* som går mellom søknadsfrist og faktisk innlevering av søknad. Trekket aukar då fortare, og samla trekk blir større, opp til 31 000 kr totalt. Dette er ei kraftig innskjerping og stor auke i trekkbeløpet, men kan kanskje ha ein viss effekt.

Administrasjon, dispensasjon og klage: Der er foreslått adgang for Fylkesmannen til å dispensere frå vilkåra i særlege høve. Tidlegare kunne det dispenserast frå §§ 3 (grunnvilkår) og 4 (avgrensingar i retten til tilskot), i tillegg til 8 (miljøkrav) og 9 (søknadsfrist). Etter ny forskrift er det foreslått å kunne dispensere frå nesten alt; §§ 2 (grunnvilkår), 3 (husdyrhald), 4

(jordbruksareal), 5 (grønt og potet), 6 (avløysing ved ferie og fritid) og 8 (søknadsfrist). Det vil truleg bli strammare adgang til å få dispensasjon enn no. Det er greitt.

Opplysningsplikt og kontroll: Denne regelen blir vidareført om lag som før

Avkorting ved brot på regelverket: Ved brot på regelverket har det tidlegare vore *anledning til å* avkorte i produksjonstilskotet ... (*kan hele eller deler av produksjonstilskuddet av-kortes*). Dette er foreslått endra til ein skal-regel ...(*skal hele eller deler av produksjons-tilskuddet avkortes*). Ved brot på anna regelverk enn PT-regelverket kan tilskotet avkortast. Denne endringa er foreslått innført fordi departementet meiner at forvaltninga alltid *skal vurdere* ei avkorting i samband med regelverksbrot.

Avkorting ved feilopplysningar: På same måte som i punktet over, er det ved feil-opplysningar foreslått innført ein *skal*-regel i staden for ein *kan*-regel. Ved alle oppedaga avvik i opplysningar i høve til korrekt verdi, og der feilen kan medføre urettvis utbetaling av tilskot, *skal* det vurderast om tilskotet skal avkortast, heilt eller delvis, avhengig av omfang og skyldgrad.

Fylkesmannen sine kommentarar: *Begge endringane vil sannsynlegvis vere effektive verkemiddel i arbeidet med å få søknadene utfylte så korrekt og så komplett som råd.*

Endringane som er foreslått vil føre til mykje ekstra arbeid i forvaltninga. Svært mange av sakene der det er avvik mellom søknad og godkjent oppgåve er feilskrivingar, føring i feil rubrikk m.v. Varsel om moglege avkorting på grunn av alle slike feil blir arbeidskrevjande og bidrar neppe til respekt for regimet rundt ordningane. Kommunane bør få myndigheit til å vurdere kva saker som skal vurderast i forhold til avkorting, og resten må det vere greitt å legge inn ein merknad med forklaring på i saksbehandlarsystemet.

Med helsing

Anne Berit Løset (e.f.)

Ottar Longva

Landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.